

## Regionale pilegrimssenter, innspel til sak om regionale pilegrimssenter i Sogn og Fjordane.



Foto: Visit FjordKysten

Nye Kinn kommune, Kinn kyrkje, Visit FjordKysten, Fjordane friluftsråd og Kystmuseet i Sogn og fjordane ønskjer å kome med følgande innspel til sak om regionale pilegrimssenter i Sogn og Fjordane.

Vi har lest forslag til langtidsplan for pilegrimsleden og tolkar denne slik at eit regionalt pilegrimssenter skal;

- Ha ansvar for verksemda knytt til definerte geografiske område langs leia.
- Organiserast og virke slik at samarbeid om pilegrimssatsinga fremjast mellom kommunar, kyrkjelydar av ulike konfesjonar, næringslivsaktørar, frivillige organisasjonar og kulturinstitusjonar innanfor regionen.
- Tilsette ein person med ansvar for dagleg drift.
- Bidra til fornying og utvikling av pilegrimstradisjonen i Norge gjennom samarbeid seg i mellom, med Nasjonalt pilegrimssenter, pilegrimsprestane, pilegrimforeningane, Den norske kyrkja og andre.

Langtidsplanen for pilegrimsleden *Veien fram mot 2037* peikar på fire delmål:

- 1) Bevare den kirkelige forankringa, fornye pilegrimstradisjonen og vere open og inkluderande for menneske med ulik tru, kultur, tradisjon og motivasjon.
- 2) Auke bruken av pilegrimsleia til eit volum som gir grunnlag for bærekraftig næringsutvikling.

- 3) Utvikle Pilegrimsleia skånsomt for å ivareta naturen, kulturminne og miljø best mogleg.
- 4) Styrke Pilegrimsleia – St Olavsvegane til Trondheim som norsk, nordisk og europeisk kulturarv.

Vi meiner at for å få best mogleg måloppnåing må ein sørge for at dei regionale pilegrimssentra får eit tydeleg ansvar og mandat for regional utvikling langs kysten, dvs langs leia. Det står for oss som naturleg at eit RPS vil kunne fungere som eit utgangspunkt for ei vandring, og RPS'en vil få ein funksjon knytt til å lede pilegrimar og andre ut på leia. Vidare meiner vi at eit slikt senter og vil ha ein viktig koordineringsrolle ovanfor eksisterande strukturar for å halde leia i hevd, forvalte den, og formidle den, både for lokale vandrarar i det geografiske nedslagsfeltet og for tilreisande og turister.

#### **Tilgjengelighet og infrastruktur:**

Det er pr i dag gode båtforbindelsar mellom Florø og Selje. Kinn kommune jobbar aktivt for å styrke denne forbindelsen med fleire avgangar.

Florø flyplass ligg sentralt på Florølandet og her blir det kontinuerlig arbeidd med å sikre gode korresponderande ruter med båt. Det er 260 båtsete tilgjengeleg kvar dag, heile året. I tillegg kjem sommarruter.

Det er allereie gode rutetilbod (fem daglege avgangar) ut i øyane i Florøbassenget og tilgjengeligheten til Kinnakyrkja og Steinkrossen på Svanøy er god.

- *Travel like the lokals* for 2019 går til Kinn, Svanøy og rundttur i Florøbassenget.
- Dei to siste åra har Norled hatt *Fjord card* med Norled, som kan nyttast for pilegrimar som ønskjer å besøke kysten vår.

Vegen ut til Kinn kyrkje blir no asfaltert og den universelle tilgjengeliheten vil bli styrka.

**Det vil seie at ein både lokalt i Florøbassenget og regionalt, både nordover og sørover, kan nytte seg av Kystpilegrimsleia på ein enkel måte.**

**Kyrkjeleg forankring:** Kinn kyrkjekontor har fleire faste tilsette og er aktiv i samband med Kinnaspelet og vore sentral i opparbeiding og utvikling av Sunnivaieia.

Vi har pr i dag open kyrkje på Kinn om sommaren. Dette blir gjennomført med frivillig vertskap som tar imot besøkande og tidebønner to gonger om dagen. I sommarhalvåret er det også gudstenester på Kinn.

Kinnakyrkja er under restaurering og vil vere ferdig truleg sommaren 2020.

Kinnaspelet har no vore spelt i over 30 år, og har passert over 100 000 besøkande totalt. Mange bruker Kinnaspelet som utgangspunkt for si vandring på Sunnivaleden til Selje.

Steinkrossen på Svanøy er lett tilgjengeleg, med etablerte formidlingsformer og godt tilrettelagt fro tilreisande på Svanøy Hovudgård.

**Lokale institusjonar og eldsjeler har lang erfaring med å vere vertskap og ta i mot tilreisande, og eit regionalt pilegrimssenter vil både dra nytte av dette og stimulere til vidare regional utvikling.**

**Lokal forankring:** Kommuneplanen sin samfunnsdel for Kinn kommune er lagt ut på høyring av fellesnemnda, i denne står det mellom anna:

- Kinn kommune skal utvikle eit heilårleg, bærekraftig og opplevingsbasert reiseliv. Det skal satsast målretta og samla på å styrke attraksjonsverdi med kysten som reisemål.
- Ein skal inngå samarbeidsavtalar med næringsliv, fylkeskommune og departementet som sikrar kommunen tilgang til nasjonale og regionale verkemiddel for samfunnsutvikling.
- Kommunen skal legge til rette for, og vere eit bindeledd i mellom aktørar innan kreative næringar, reiseliv og kulturminne.
- Ein skal ta vare på og formidle viktige kulturminne, td. gjennom støtteordningar og ulike kulturprogram som DKS og DKSS.
- Kulturminna skal forvaltast som ein ressurs for og i lokalmiljøet og særleg viktige kulturminne skal sikrast gjennom omsynssoner i arealplanen.
- Kommunen skal lage Strategi for kreative næringar, reiseliv og kulturminne.

**Dei frivillige:**

Dei lokale turlaga med hytter langs ruta, mellom anna det gamle skulehuset på Kinn, fyra i Vågsøy.

Dei lokal historielaga og kystlaga.

Kinnaspelet.

Veteranbåtane Svanhild, Atløy og Loyal, Nybakk, Haugefisk. Bakkejekta.

**Etablerte institusjonar og kompetansmiljø/nettverk:**

- **Visit FjordKysten**, destinasjonselskap for Solund, Hyllestad, Askvoll, Flora og Bremanger. Har som hovudformål å marknadsføre og profilere regionen som reisemål, i tillegg til produktutvikling og prosjektarbeid. Selskapet er dei med best oversikt over overnattingsstader langs kysten. Arbeider no mellom anna med å tilby heilårsprodukt slik som Stormwatching. Visit Fjordkysten har turistinformatjonen i Florø på heilårsbasis. Eit samarbeid med Visit FjordKysten vil dermed gjere pilegrimsturar tilgjengelege heile året.

- **Fjordane friluftsråd**, med samarbeidskommunane Askvoll, Solund, Flora, Bremanger og Vågsøy. Har stort fokus på miljø og bærekraftig friluftsliv, gjennomfører mellom anna plastinnsamling og andre tiltak i samarbeid med andre. Vil vere naturleg samarbeidspart i forhold til å utvikle, tilrettelegge og forvalte stinettet (både det blå og det brune) langs leia.

- **Kystmuseet i Sogn og Fjordane** har ansvar for kysten, og har fysiske anlegg i 6 av dei 8 kystkommunane. Kystmuseet har samarbeid med Kvernsteinsparken gjennom Musea i Sogn og Fjordane. Kystmuseet har hovudbase i Florø og vil vere eit godt kompetansmiljø på kystkultur, og det vil vere viktig å knytte seg mot dette

- Lokale næringsdrivande langs leia, mellom anna matprodusentar og andre. Store aktørar som Kinn bryggeri og Svanøy laks. Og mindre aktørar som driv med villsau på øyane, hjort osv. Eit breitt spekter av overnattingsmuligheter.

**Vi ønskjer å etablere eit nettverk der vi i fellesskap støtter, utviklar og tar ut synergjar av eit Regionalt pilegrimssenter. Dette vil både styrke senteret lokalt og utvikle eksisterande strukturar regionalt.**

### **Geografisk dekningsområde**

Med eit regionalt pilegrimssenter i Florø kan ein sjå for seg eit dekningsområde frå Fensfjorden i sør til Herøy i nord. Dette må sjølvstøtt koordinerast med dei andre sentra.

### **Regionsenter**

Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur for Sogn og Fjordane fylkeskommune 2018-2022, blei vedteken i fylkestinget april 2018. Om Florø står det følgjande:

Florø er regionsenter på kysten. Regionsenteret er naturleg lokaliseringsstad for offentlege og private tenester som skal dekke kystregionen. Florø si rolle som regionsenter bør sjåast i samanheng med satsingane i regional strategisk plan for kysten.

### **Om organisering og finansiering**


Vi kan ein sjå for oss ulike modellar, som bør knytast opp mot korleis ein veljer å finansiere senteret.

- Eiga organisasjon, lokalisert eller med fast/tett samarbeid med partane peika på ovanfor.
- Som del av eksisterande strukturar i eksisterande organisasjonar.


Våre kommunar og organisasjonar har mange års erfaring med samarbeid på lang på kysten. Døme på dette er Visit Fjordkysten og Fjordane friluftsråd og det vil vere naturleg å sjå ei satsing på kystpilegrimsleia i samanheng med desse.

Vi ønskjer å peike på muligheten for å lokalisere senteret saman med Visit Fjordkysten og turistinformatjonen i sentrum av Florø. I framtidig utbygging av administrasjonslokale for Kinn kommune, vil truleg også kyrkjekontoret få lokalar i nærleiken av desse. Noko som vil styrke eit slikt senter sin funksjon og tilgjengelighet ytterlegare.

Beste helsing



Jan Henrik Nygård  
leiar i Fellesnemnda i Nye Kinn Kommune



Berit Høivik  
avd.direktør på Kystmuseet i Sogn og Fjordane



Arlene Vågene  
styreleiar i Fjordane friluftsråd



Marita Solheim  
dagleg leiar i Visit Fjordkysten



Knut Magne Nesse  
sogneprest, Kinn kyrkjekontor